

Oppfølging av styresak 47/19 «Plan for kostnadsreduksjon i Helse Møre og Romsdal HF»

I styremøtet den 12. juni ba styret i Helse Møre og Romsdal adm.dir. om å finne kostnadsreducerende tiltak tilsvarande 130 årsverk, med effekt så snart som mogleg og innanfor eksisterande strukturer.

Styret fatta følgjande vedtak i sak 47/19 Plan for kostnadsreduksjon i Helse Møre og Romsdal HF:

- 1. Styret for Helse Møre og Romsdal sluttar seg til nivå på omstilling slik som skissert i styresaka.*
- 2. Styret ber adm. direktør utarbeide ein detaljert gjennomføringsplan som sikrar naudsynt framdrift for å forbetre den økonomiske prognosen for 2019.*
- 3. Styret ber adm. direktør gjennomføre ein konsekvensanalyse av tiltaka og sette i verk eventuelle avbøtande tiltak. Styret føresett at gjennomføringsplana blir drøfta med tillitsvalte i tråd med lov- og avtaleverk.*

I etterkant av vedtaket har helseføretaket arbeidd for å løyse oppgåva som blei gitt av styret.

Kvifor omstilling

Å ha kontroll på økonomien er ein føresetnad for å kunne gi god pasientbehandling i dag og i framtida. Over mange år har helseføretaket brukt meir pengar enn inntektene gir grunnlag for, og løn utgjør nesten 70 prosent av kostnadene. Sidan ein så stor del av midlane går til løn har helseføretaket skyvd på oppgraderingar, investering i medisinsk teknisk utstyr og vedlikehald av bygg. Trass i mange forsøk på å styre kostnadsutviklinga, er trenden at lønskostnadane har auka dei siste åra. Omstillinga vil også vere ein del av løysinga knytt til budsjett 2020.

Arbeid med omstillingstiltaka og involvering

Det har vore eit stort oppdrag med kort tidsfrist, og klinikkane har hatt ulike måtar å løyse oppgåva på. Nokre har basert tiltaka på betre utjamning av variasjon, medan andre har til dømes lagt til grunn eit fellesskapsprinsipp. Inntrykket er at det har vore arbeidd veldig godt på alle nivå for å finne tiltaka.

I løpet av juni og juli har dei sju klinikkane i tillegg til sentral stab arbeidd med å konkretisere kva ein kan gjere for å redusere kostandar innafor eiga eining. Omstilling har vore tema i fleire møte mellom adm. dir. og føretakstillitsvalte, og dei lokale driftsråda ved sjukehusa har gitt sine tilbakemeldingar på kva konsekvensar tiltaka kan få for kvart enkelt sjukehus.

Ein reduksjon i kostnader tilsvarande 130 årsverk utgjør om lag 85 mill. kr på årsbasis. Per 13. september var det funne tiltak for om lag 63 mill. kr i heilårseffekt, og desse blei drøfta med føretakstillitsvalte. Etter dette har helseføretaket arbeidd vidare for å konkretisere siste del av utfordringa, og det står att nokre avklaringar før komplett tiltaksliste er på plass. Dei nye tiltaka vil bli drøfta med tillitsvalde, før adm. dir. tek ei avgjerd i første del av oktober.

Mange forslag skal sjåast i ein samanheng før ein konkluderer, og det blir viktig å sikre ein heilskap i dette. Tiltaka skal også vurderast for moglege konsekvensar, og der ein ser dei kan få vesentlege konsekvensar for t.d. kommunane, så skal ein sikre involvering så tidleg som mogleg.

Profil på tiltaka

Klinikkar og stab har i hovudsak meldt inn mange mindre tiltak som betyr ei omfordeling og effektivisering av arbeidsoppgåver og tilpassing av bemanning. Som til dømes avvikling av vikariat,

reduksjon av innleie i vakante stillingar, naturleg avgang i form av at tilsette slutter, etc. Det har vore ei forventning om god involvering av tilsette til tross for korte tidsfristar, og føretaket har arbeidd for å unngå oppseiingar. Konkrete tiltak er fordelt ut i organisasjonen der dei skal gjennomførast og med ansvarleg leiar, og innsparingseffekt er forventa frå hausten 2019 og seinast 1. januar 2020.

Utdrag av nokre av tiltaka per 13. september (tal årsverk er netto tal):

- **Klinikk for diagnostikk**

Klinikken har totalt 348,4 årsverk og skal redusere kostnader tilsvarande 7,3 årsverk.

Klinikken er i mål med kravet. Klinikken har lagt inn auka aktivitet for å møte eit større behov i mengde og hurtigheit for diagnostikk og lab-tenester. Auken er viktig for at andre klinikkar skal klare eigne omstillingstiltak. Klinikken vil mellom anna auke aktiviteten innan radiologi i Ålesund og Volda, og auke effektiviteten på brukstid på apparat som måler beintettheit. Klinikken vel også å halde stillingar vakante i samband med at tilsette er engasjert for å arbeide med Helseplattformen.

- **Klinikk for drift og eigedom**

Klinikken har totalt 275,6 årsverk og skal redusere kostnader tilsvarande 4,5 årsverk.

Klinikken er i mål med kravet. Ein planlegg å ta ned delar av ei stilling innan logistikk og forsyning i Volda og ei stilling innan kjøkken/kantine i Kristiansund. Det er også inngått ny postavtale som gir ei innsparing på over 1 mill. kr. i årseffekt. Også på andre område vil avtalar med ulike leverandørar bli gjennomgått for om mogleg å redusere kostnader ytterlegare.

- **Klinikk for medisin og rehabilitering**

Klinikken har totalt 815,4 årsverk og skal redusere kostnader tilsvarande 20,5 årsverk.

Klinikken har eit høgt volum på tiltak fordelt på alle fire sjukehus. Eit av tiltaka er ein reduksjon av 0,9 årsverk knytt til hjarterehabiliteringa i Ålesund, der ein vil legge tilbodet på same nivå som St. Olavs hospital og andre sjukehus. Ein har også tiltak på mellom anna endring i tenesteplan og reduksjon i utvida teneste/arbeidstid for legar, i tillegg til reduksjon av overtid og lønn i samband med felles sengepost for medisin og kirurgi i Kristiansund.

- **Klinikk for psykisk helse og rus**

Klinikken har totalt 776,5 årsverk og skal redusere kostnader tilsvarande 18,1 årsverk.

Klinikken har mange enkelttiltak, og ein stor del blir tatt i sentrale stab- og støttefunksjonar ute i klinikken. Det er lagt opp til ein reduksjon i kostnader på DPS Knausen og DPS Nordlandet. Bakgrunnen for dette er å utjamne variasjon i liggetid i fylket. Sjukehuspsykiatrien har eit krav om å redusere med om lag seks årsverk. To årsverk blir redusert på Hjelset og fire årsverk i Ålesund.

- **Klinikk for kirurgi**

Klinikken har 527,1 årsverk og skal redusere kostnader tilsvarande 28,3 årsverk.

Per 13. september har klinikken skissert ni tiltak. Klinikken har mellom anna lagt til grunn at ein skal samanlikne faktorar som liggetid og beleggsprosent ved dei ulike sjukehusa for å jamne ut forskjellar. Det er slått saman sengepostar i Kristiansund som skal bidra til å redusere lønsutgifter. I Ålesund og Molde er det starta opp eit arbeid for å redusere talet på senger, men tiltaket er ikkje klart i omfang og er ikkje kostnadsberekna. Klinikken gjer også endring i tenesteplan og reduksjon i utvida teneste/arbeidstid for legar. Klinikken er ikkje i mål med tiltaka.

- **Klinikk for akuttbehandling**

Klinikken har totalt 911,2 årsverk og skal redusere kostnader tilsvarande 31,4 årsverk.

I arbeidet med tiltak har klinikken i hovudsak sett på variasjonar i aktivitet knytt til ressursbruk. Klinikken arbeider til dømes med å auke aktiviteten på operasjonsstovene og der det er venta størst effekt i Ålesund. Klinikken har lagt inn ein kostnadsreduksjon innan prehospitale tenester, akuttmottak og intensiv i Molde og intensiv i Kristiansund. I tillegg er det planlagt å ta ned eit årsverk på ambulanseflyet og 1,5 årsverk anestesilegeressurs Kristiansund og 0,5 legeressurs i Volda. Klinikken er ikkje heilt i mål med tiltaka.

- **Klinikk for kvinner, barn og ungdom**

Klinikken har totalt 435,1 årsverk og skal redusere kostnader tilsvarande 13,5 årsverk.

Klinikken har mange tiltak og ein har søkt å skjerme psykisk helsevern i størst mogleg grad, i tråd med den gylne regel. Tiltaka som er foreslått i klinikken har ulikt omfang og er jamt fordelt i fylket. Til saman har ein tiltak for 9,3 årsverk. I tillegg vil andre tiltak gi redusert kostnad og auka inntekter i klinikken. Klinikken er ikkje heilt i mål med tiltaka.

- **Sentral stab**

Staben har totalt 125,7 årsverk og skal redusere kostnader tilsvarande 6,4 årsverk.

I samband med innføringsprosjektet av Helseplattformen i Helse Møre og Romsdal, vil staben avsjå ressursar til prosjektet som bidrag til å redusere talet på årsverk i staben. Kravet om reduksjon av kostnader er fordelt mellom økonomi, HR og fag og ein er i mål med tiltaka.

Administrerende direktør si avgjerd

Det er eit stort behov for økonomisk omstilling, og det er også godt dokumentert at det fins eit potensiale for forbetring innanfor helsesektoren og i sjukehusa. I arbeidet med tiltak er det viktig å finne løysingar som har minst mogleg negativ effekt på pasientbehandling og arbeidsmiljøet, og desse forslaga må komme frå klinikkane som kjenner fagområda best. Omstilling fordrar som regel endra arbeidsmåtar, og det å vurdere og handtere risiko er ein del av leiaransvaret på alle nivå. I dette ligg det også ei vurdering av kva konsekvensar dette har og kva avbøtande tiltak som må settast inn om det er nødvendig.

Det har vore korte fristar, noko som kan utfordre prosesskvalitet og involvering. Inntrykket og tilbakemeldingane er i hovudsak likevel at leiarar, representantar for dei tilsette har arbeidd særskilt godt for å sikre så god medverknad som mogleg.

Adm.dir. si avgjerd:

1. Klinikksjefar og stabsdirektørar blir bedt om å sette i verk tiltaka i omstillingsplan datert 20.09.19.
2. Tiltak som har kome i ettertid skal ligge i ein supplerande omstillingsplan og drøftast med føretakstillitsvalte den 14.10.19. Ei avgjerd på desse tiltaka blir tatt etter drøftingsmøtet.
3. Klinikksjefar og stabsdirektørar er ansvarlege for løpande risikovurdering og iverksetting av avbøtande tiltak ved behov.
4. Alle tiltak skal gjennomførast i forhold til tidsplan og med planlagt økonomisk effekt. Ved avvik må ein identifisere nye tiltak som må drøftast og iverksettast.
5. Direktøren følgjer opp gjennomføring av tiltaka gjennom økonomidirektøren og omstillingsgruppa.
6. Tiltaksgjennomføringa skal rapporterast til styret frå og med oktober.